



Stord kommune

Dato: 11.09.2015
Vår ref.: 2014/24561-17
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2015 - Hordaland fylke - Stord kommune - Prosjekt Rommetveit. Avslag på søknad om tilskot

Me visar til Dykkar søknad av 1.12.2014 og vårt mellombels svar av 17.12.14 med stadfesting av motteken søknad. Forseinka tilbakemelding i denne saka skuldast avklaringar i høve til bruk av midlar, og De er halde informert om dette pr telefon.

Hordaland fylkeskommune søkte Riksantikvaren om tilskot på kr. 92.050,- til kulturminnetiltak på Rommetveit på vegne av Stord kommune. Riksantikvaren gir **avslag** på søknad om tilskot til kulturminnetiltak på Rommetveit av midlar frå statsbudsjettet, kap 1429 post 70 – BARK og BERG.

Tiltaket på Rommetveit var vurdert som støtteverdige, men av omsyn til samla budsjett vart det gjort prioriteringar der prosjektet ikkje nådde opp. Me oppmodar om at det vert søkt på nytt om midlar til kulturminnetiltak på Rommetveit i 2016.

Utsendinga av dette brevet har tatt noko tid, grunna avklaringar i høve til bruk av tilskotsmidlar til andre prosjekt. De er halden informert om dette per telefon, og avklaringane er gjort i samråd med Dykk. Grunna tida som no er gått frå Riksantikvaren gav melding om tildeling er det ikkje høve til å klaga på avslaget.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Stord kommune v/Guri Aksnes